




SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Overføring av sams vegadministrasjon

Dina Lefdal - 30.05.18

Oppmodingsvedtak



Prop. 84 S (2016 – 2017), vedtak 838/2017:
«Stortinget ber regjeringen sørge for at regional veiadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene, overføres fra Statens vegvesen til regionalt folkevalgt nivå»

Oppdrag frå SD til VD

Mandat av 30.11.2017 kort oppsummert:

- Kartlegge fylkesvegoppgavene som ligg til sams vegadministrasjon i dag
- Utarbeide skisse(r) til modell(er) og utkast til korleis ei overføring kan gjennomførast
- Vurdere kostnader og konsekvensar av overføring for Statens vegvesen og fylkeskommunene



Rammer og føresetnader

- Arbeidet skal gjennomførast i nært samarbeid med KS og fylkeskommunane
- Utgreiinga skal vere avslutta 15. mai 2018
- Kartlegginga skal vere ein total gjennomgang og opplisting av alle oppgåver som Statens vegvesen utfører for fylkeskommunane - ikkje berre planlegging og drift.
- Bør greie ut om det er enkelte oppgåver som er av ein slik karakter at det ikkje er naturleg med oppdeling, og som difor bør haldast samla.
- Arbeidsgivaransvar og tilsette sine rettar skal vurderast.
- Kartlegge behovet for endringar i gjeldande lovgiving - særleg om det er behov for ein eigen overføringslov.
- Legge til grunn at ei overføring skal gjennomførast ved etablering av dei nye fylkeskommunane frå 1.1. 2020
- Arbeidet skal gjennomførast i tråd med utgreiingsinstruksen.
- Kome med ei skisse til opplegg for korleis ein prosess med overføring av oppgåver kan gjennomførast.



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen



FRA SAMS OG SAMLING

Konsekvenser ved overføring av fylkesvegadministrasjon fra Statens vegvesen til fylkeskommunene fra 1.1.2020, og vurderinger av alternativer.

REGIONREFORMEN

vegvesen.no



To ulike anbefalinger

- A. Overføring av fylkesvegadministrasjonen fra Statens vegvesen til fylkeskommunane i tråd med Stortinget sitt oppmodingsvedtak.
- B. Utgangspunkt i ei utgreiing i tråd med utgreiinstruksen og uavhengig av Stortinget sitt oppmodingsvedtak.



A: Oppfølging av oppmodingsvedtak

- Overføring av fylkesvegadministrasjonen frå 1.1.2020 er *krevjande*, men det er *mogleg* for oppgåvene knytt til utgreiing, planlegging, bygging, forvaltning og vedlikehald
- For drift er det så stor usikkerheit om mogleg nytt kontraktsopplegg og økonomiske konsekvensar at det ikkje er forsvarleg å avgjere overføring før det er gjennomført nærare vurderingar. Ei slik vurdering bør vere gjennomført innan hausten 2019.
- Driftskontraktar for veg, elektrokontraktar og enkelte fagkontraktar med krav til beredskap bør vidareførast til utløp utan endring i byggherreoppfølging.
- Det bør *ikkje etablerast nye felles ressurseiningar* som SVV og fylkeskommunane er forplikta til å bruke. Må sjølv avgjere korleis oppgåvene skal løysast.
- På nokre område knytt til *tryggleik og beredskap* bør SVV ha eit *nasjonalt ansvar*. Gjeld beredskap knytt til bru og reservebrumateriell og fagleg ekspertise knytt til tryggleik på veg i samband med fare for eller naturhendingar som skred og flaum. Desse ressursane bør framleis vere organisert samla i SVV og vere tilgjengelege for fylkeskommunane.
- For investeringskontraktar og andre fleirårige fagkontraktar (t.d. vedlikehaldskontraktar) er det lagt til grunn at fylkeskommunane kan overta desse frå 1.1.2020.
- Nasjonal vegdatabank (NVDB) og vegtrafikksentralane (VTS) bør vidareførast som nasjonale oppgåver og organiserast som ein del av SVV. Fylkeskommunane må vere forplikta til å sørge for nødvendige leveransar til NVDB og VTS.

B: Utgreiingsinstruksen

- Det er positive verknader av å overføre fylkesvegadministrasjonen:
 - Moglegheit for styrking av fylkeskommunen si samfunnsutviklarrolle,
 - Klårare rapporteringsliner
 - Betre samhandling mellom fag og politikk på regionalt nivå
- Opphøyr av sams vegadministrasjon vil medføre omstillingskostnader og stor risiko for langsiktige negative verknader med:
 - Auka kostnader
 - Kompetansetap
 - Redusert kvalitet i oppgåveløysinga
- Vanskeleg å sjå at moglege positive verknader av ei overføring av vegadministrasjon kan vege opp for risikoen for varige auka kostnader, kompetansetap og redusert kvalitet i oppgåveløysinga med det ansvaret og den mynde fylkeskommunane har for fylkesvegnettet i dag.
- Dagens ordning med felles vegadministrasjon bør vidareførast. Det bør settast i gang eit arbeid for å betre fylkeskommunane si styring og moglegheit for lokale tilpassingar.

Høring

- Samarbeid med Hordaland fk
- FU 20. juni
- Fellesnemnda 22. juni
- Avgjerd: Statsbudsjett 2019



https://www.vegvesen.no/attachment/2290863/binary/1255706?fast_title=Fra+sams+og+samling.pdf